

Tale ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta 28.9.2018

Ivar Aasen er ikkje den same lenger. Han har ikkje forandra seg, men vi har endra han. Ivar Aasen er blitt større enn seg sjølv, nett slik Dyre Vaa forstørta han då denne statuen blei avduka i 1953. Han er tettare på oss enn nokon gong etter at han døydd. Eg ante ikkje at eg kom til å ha han så tett innpå meg, sa ei profilert riksmålskvinne då ho tok på seg Aasenboksaren.

I si samtid var han ein av dei store, moderne språkforskarane i Europa. I vår samtid går afrikanarar i hans fotspor og bruker Ivar Aasens metode for å skriftfeste språk.

I si samtid var han eit sikkert kort for tiggjarane. I vår samtid er han ikkje til å kome utanom. 98 prosent av alle nordmenn veit kven han var.

I si samtid var han den første som skreiv nynorsk. I vår samtid sit mange hundre tusen og skriv dette språket kvar dag.

I dag skriv vi når som helst og kor som helst – i fotgjengarovergangen, på badestranda, på fjelltoppane. Vi går og skriv, vi ligg og skriv, men aller mest sit vi og skriv.

Litt forenkla kan vi seie at i Ivar Aasens lange levetid gjekk folk frå å stå til å sitje medan dei skreiv, og dei gjekk frå å lese høgt til å lese stille. Vi veit at Ivar Aasen aldri heldt ein offentleg tale, og berre ved eitt høve er det dokumentert at han las høgt for ei lukka forsamling etter at han hadde gitt seg som lærar.

Ein står best på sin eigen fot, skreiv Ivar Aasen. Statuar flest viser folk som står, trur eg. Bjørnson står. Hovden står. Ibsen står. Vinje står. Aasmund Olavsson Vinje står høgrest i Vinje. Olav H. Hauge forbanna seg på at han skulle sanneleg ikkje på nokon sokkel, men i Ulvik står ein høg, vakker stein i svart granitt til minne om alt han skreiv og skapte.

To statuar er slående unntak. I Vinje sit Tarjei Vesaas, og like bortanfor står Halldis Moren Vesaas, like ved ein benk, som om ho snart skal setje seg. Ein sit best på sin eigen benk, skreiv Ivar Aasen. Uttrykket er mildt insisterande, ikkje brølande eller nedlatande. Det miner om statuen her i kveldslyset.

Dyre Vaa viser oss ein Aasen som sit, og som anten skal til å lese, eller har teke seg ein pause i lesinga, som han sjeldan gjorde, eller har slutta å lese for dagen. Han sparte på lysa om kvelden, og halv åtte ein kveld seint i september var det ikkje mykje meir han kunne sjå å lese. Dei høgste stolane er verst å sitje på, skreiv Ivar Aasen.

Kva gjorde han då, om han ikkje tok seg ein tur i teater eller på konsert eller kafé? Vi veit at han hugsa uvanleg godt, og då trong han ikkje alltid papir for å sortere og ordne og analysere. Han støtta seg på det skrivne, slik han gjer 24 7 her i vår samtid, men han tenkte forbi det skrivne. Han såg klart same kor mørkt det var.

Ivar Aasen skreiv, men ingen høyrde at han skreiv. Han las, men ingen høyrde at han las. Han gjekk gjennom landet og sit her han kom frå, med det myndet som skal til for å bli høyrd.

I dag står eg her i djup respekt for kva eit menneske kan utrette i kraft av sin tanke og si skrift. På vegner av Nynorsk kultursentrum og alle våre gjester og brukarar gjennom 25 år legg eg denne kransen ved føtene til han som gjekk heile vegen gjennom det språket han gjorde til vårt.